

Svart teppe bak Sandakaien**01.07.2010**

I dag og imorgen skjer det noko viktig når det gjeld opprusting av eit område svært sentralt i Uskedalen.

NCC legg asfalt innover frå den opprusta Sandakaien.

Heile området som skal asfaltermast er rundt rekna 1 mål og dette er eit spleislag mellom kommunen og Nilsen Eigedom utan at fordelinga mellom dei førebels er klar.

Asfalteringa er ein naturleg fase 2 etter det som er skjedd med legging av kloakken gjennom området. 'Sandaplassen' blir med dette den reinaste paradeplassen.

Dale Entreprenør, som har kloakkjobben på land, er for lengst framme i skuleområdet der det skal liggja ein pumpestasjon.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

